



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 34, 6. oktober 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Bra budsjett - men kritisk til skulepengar

Leiinga ved Høgskulen i Volda vurderer regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett som bra for Høgskulen i Volda. Etter eit svakt budsjett i 2022 ser det altså litt betre ut i 2023. Derimot er høgskuleleiinga misnøgde med at det vert foreslått å innføre skulepengar for utanlandske studentar og håper dette ikkje blir gjennomført.

[LES MEIR](#)



Utdanningsprisen: Kom med kandidatar innan 20. oktober

HVO-tilsette og studentar har vorte inviterte til å kome med framlegg til kandidatar for Utdanningsprisen for 2022. Fristen er 20. oktober. [Her er fjorårsvinnaren, førstelektor Trudi H. Eikrem.](#)

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv

Valkamp om studentplassane i høgskulestyret

Fem studentar har vorte nominerte til dei to faste plassane og dei to vararepresentant-plassane studentane har i høgskulestyret. Blant dei nominerte er det to kvinner og tre menn. Valperioden har starta og går fram til 10. oktober. [Les meir om kandidatane.](#)

Tysk utvekslingsstudent sykla til Volda

Nærnett fortel om den tyske utvekslingsstudenten Luca Trilsbach som kom syklande til Volda - nesten frå Tyskland. [Les meir på Nærnett.](#)

HVO vert endå større på vidareutdanning av lærarar

Høgskulen i Volda har i hard konkurranse med mange andre institusjonar fått 7 nye vidareutdanningskurs innanfor kulturfag, programmering og spesialpedagogikk. Eitt av tilboda er Høgskulen i Volda aleine om, og det gjeld kroppsøving for lærarar i 1.-10. klasse. Alle kursa er innanfor ordninga Kompetanse for kvalitet (KFK) og det er Utdanningsdirektoratet som har tildelt studieplassane til Høgskulen i Volda. Høgskulen har no til saman 695 studieplassar innanfor Kompetanse for kvalitet, og endå er det fleire søknader som er til vurdering i Utdanningsdirektoratet.

Her er dei sju nye vidareutdanningstilboda ved Høgskulen i Volda, og som vil verte tilgjengelege for søkarar hausten 2023:

- Kunst og handverk 1:1-10 med ein samla kapasitet på 35 studieplassar
- Kroppsøving 1:1-10 med ein samla kapasitet på 70 studieplassar
- Musikk 1:1-10 med ein samla kapasitet på 35 studieplassar
- Programmering 1:1-7 (nettbasert) med ein samla kapasitet på 50 studieplassar
- Programmering 1:5-10 (nettbasert) med ein samla kapasitet på 50 studieplassar
- Programmering 1:8-13 (nettbasert) med ein samla kapasitet på 50 studieplassar
- Spesialpedagogikk 1:1-10 med ein samla kapasitet på 70 studieplassar

[Her er eit oversyn over dei noverande vidareutdanningstilboda innanfor KFK ved Høgskulen i Volda.](#)

Inspirerende karrieredagar i Ørstahallen

Høgskulen arrangerer kvart år Karrieredagane for sisteårselevar i grunnskulen, og i 2022 vart arrangementet lagt til Ørstahallen. På Karrieredagane får elevane tips, inspirasjon og lyst til å sjå føre seg ein karriereveg i vaksenlivet. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Chili sin carne(vegtar/vegan) med ris

Tysdag: Panert seifilet med gulrotstuing og poteter

Onsdag: Lasagne med salat og brød

Torsdag: Potetball med tilbehør

Fredag: Tacobuffé

Alle rettane kostar kr 14,90 pr hg.

Styre og stell

Revidert forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Studieadministrasjonen ved Høgskulen i Volda har sendt på høyring framlegg til revidert forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda. I all hovudsak handlar revisjonen om å oppdatere forskrifta frå 2015 med fleire endringar som har kome i Universitets- og høgskulelova, også endringar som trer i kraft 1. januar 2023. I framlegget er forskrifta også forenkla og omtale av den interne arbeidsorganiseringa ved Høgskulen i Volda er teke ut av forskrifta. Høyringsfristen er 9. november 2022.

Julebordet blir halde 9. desember - på Ulstein Hotell

I år er det AHL som har ansvaret for å arrangere julebord for HVO. Dei har no avgjort at vi skal ha julebord på Ulstein hotell fredag 09.12.2022 for tilsette ved HVO. Det vil kome meir informasjon og påmeldingsskjema etter kvart.

Fag og forskning

Forskningsdagane: 100 deltakarar på krigsseglar-føredrag i Herøy

[Førstelektor Magnar Hjertnæs](#), ASH, heldt måndag 26. september føredraget «Vest over hav — 1940-45» på Thon Hotel Fosnavåg. Rederrommet på Thon var stappfullt med litt over 100 tilhøyrarar. [Les meir om arrangementet på nettsidene våre.](#)

Stortingets kulturkomite besøkte Høgskulen i Volda

Stortingets familie- og kulturkomité har vitja HVO og hadde særleg bede om å få informasjon om Avdeling for mediefag og yringsfridom og samarbeid. Avdeling for mediefag fekk ros for det gode samarbeidet dei har med mediebransjen, og at avdelinga har stor internasjonal inn- og utveksling av studentar. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Såkorndmidlar for 2023 - søknadsfrist 10. november

Forskningsutvalet lyser no ut såkorndmidlar for 2023, og fagleg tilsette vert med dette inviterte til å søke. Midlane må nyttast i 2023. Vi tek atterhald om at midlar vert løyvd av Høgskulestyret. Såkorndmidlane skal bidra til å auke forskningsaktiviteten ved HVO. Søknadar om støtte til å utarbeide søknadar til Norges forskingsråd, Regionale forskingsfond eller Horisont Europa vert prioriterte. Utfyllande informasjon om ordninga og søknadsskjema kan du finne på [denne nettsida](#). Søknadsfristen er 10. november 2022. Forskningsutvalet vil i møte 24. november kome med innstilling til tildeling av midlar. Tildelinga er avhengig av endeleg budsjettvedtak i høgskulestyret i desember.

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Nytt om tilsette

Silje Marit Moen Vedvik har vorte tilsett i vikariat som førstekonsulent i fellesadministrasjonen
Høgskulelektor Hilde Kathrine Thomassen har gått over fast stilling på AHL/Institutt for språk og litteratur

Marte Aakre Wik har gått inn i engasjement som høgskulelektor på AHL/Institutt for språk og litteratur

[Hella Veirud Busch](#) har teke tili vikariat som høgskulelektor AHL/Institutt for språk og litteratur

Kari Ryslett har fått opprykk til førstelektor på AHL

Bethel Britto har vorte engasjert som studentassistent på AMF

Ruth Maria Grutle har vorte engasjer som teknisk assistent på AMF

Kaja Skatvedt Robak har teke til i vikariat som høgskulelærer på AMF

Kine Høgberg har vorte engasjert som høgskulelektor på ASH

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Silje Ims Lied har publisert i Tidsskrift for spesialpedagogikk

[Prodekan/førstelektor Silje Ims Lied](#) (AHL) har saman med Hilde Sofie Stokke (USN), Marianne Sandvik Tveitnes (UiS) og Mirjam Harketstad Olsen (UiT) skrive fagartikkelen «KOSIP - kompetansekartlegging av og for laget rundt barna og elevane» som er publisert i Tidsskrift for spesialpedagogikk 04/22.

[Lenke til Utdanningsnytt.](#)

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

- [Førstekonsulent ved økonomi- og eigedomsavdelinga i Fellesadministrasjonen - søknadsfrist 7.10.2022](#)

- [Administrasjonssjef Avdeling for mediefag - søknadsfrist 20.10.2022](#)
- [Økonomirådgivar \(AHL\) - søknadsfrist 23.10.2022](#)
- [Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.11.2022](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

Hausten 2022:

6.10.2022: [Fagdag BUP - konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hjå born og unge](#), HVO
11.10.2022: [Kurs for studentar: Korleis vere student?](#)

24.-26.10.2022: [Øyralangs, kulturvandring i Elvadalen](#)

27.10.2022: [Kurs for studentar: Korleis vere student?](#)

27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund

1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)

3.11.2022: 50-års markering av historiestudiet ved Høgskulen i Volda

3.11.2022: [Høgskulestyret](#)

4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO

16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset

18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

23.11.2022: [Nettverkstreff: Kvinner i forskning på HVO](#)

24.-25.11.2022: Avdelingsseminar AHL

8.12.2022: [Høgskulestyret](#)

2.-9.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)

Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO

8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)

8.3.2023: Samskapings- og innovasjonskonferanse, HVO

9.3.2023: [Høgskulestyret](#)

3.-4.5.2023: Styreseminar og [Høgskulestyret](#)

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

28.9.2022: [Helsing til Helga Synnevåg Løvoll - vinnar av FoU-prisen 2022](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)

